


ÅL KOMMUNE

# INFORMASJON OM GRUNNSKULEN

I dette heftet er det samla informasjon for føresette  
med elevar i grunnskulen i Ål



## **OPPLÆRINGSLOVA**

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.» Slik opnar § 1 i opplæringslova. Lov om grunnskule og vidaregåande opplæring, samt tilhøyrande forskrifter er grunnleggjande for drifta av skulen. Heile lova er å finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

## **FAGFORNYINGA**

Frå august 2020 er læreplanen fornya. Overordna generell del beskriv kva for verdiar og prinsipp som skal ligge til grunn for grunnopplæringa. Læreplanen skal sikre meir tid til djupdelæring og betre samanheng i og mellom fag. Tre tverrfaglege tema skal prioriterast i fag: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmestring. Meir om fagfornyninga finn de her [www.udir.no](http://www.udir.no)

## **BETRE LÆRING**

Betre læring i Ål kommune er vår kommunale oppvekstplan. Betre læring har ein strategidel og ein handlingsdel. Betre læring har to kvalitetsmål:

1. Tett og tidleg på: Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.
2. Læringsutbytte: Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.

Dokumentet Betre læring er å finne på heimesida til Ål kommune, [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no).

## **ADMINISTRATIV TILKNYTNING**

Skulane i Ål høyrer til i oppvekstsektoren. Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) er det politiske utvalet. All sakshandsaming til SUKO blir førebudd ved oppvekstkontoret. Oppvekstkontoret samordnar arbeid i oppvekstsektoren og har kontor plass i Tingstugu.

## **FORELDRE RÅD OG ARBEIDSUTVAL FOR FORELDRE RÅD (FAU)**

Foreldrerådet består av alle foreldra ved skulen. Foreldrerådet vel representantane til FAU og SU.

## **SAMARBEIDSUTVAL (SU)**

Kvar enkelt skule har SU som det øvste organ. SU har representantar frå foreldra, dei tilsette, elevane og kommunen (politisk representant).

## **KOMMUNALT FORELDREUTVAL**

Leiar i FAU ved skulane og i barnehagane kan kome saman i eit kommunalt foreldreutval (KFU).

## **NY I SKULEN**

Det vil bli arrangert bli-kjent-dag for skulestartarane og eit møte for foreldre i mai – juni. Kvar enkelt skule informerer om dato og opplegg. Fyrste skuledag blir annonsert i Hallingdølen og på heimesida til kommunen tidleg i august.

## **SKULERUTA**

Eit skuleår er 190 dagar. Skuleruta for det påfølgjande skuleåret vert kvar haust vedteke av SUKO. Vedteken skulerute er å finne på [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

## **SKULEBYTTE**

Eleva i grunnskulen har, etter opplæringslova § 8-1, rett til å gå på den skulen som ligg nærast heimen (nærskuleprinsippet). Etter grunngjeven søknad kan ein elev få bytte til annan skule enn nærskulen. I slike tilfelle kan heimen bli pålagt å dekke kostnader til eventuell skuleskyss. Søknad om å få gå på annan skule enn nærskulen skal sendast til oppvekstkontoret innan 1. januar for påfølgjande skuleår.

## **SKULESKYSS**

Etter opplæringslova har elevar på 1. årssteget rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 2 km, og elevar på 2.-10. årssteg rett på fri skuleskyss når skulevegen er over 4 km.

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Rv 7 der det ikkje er gangveg, vert rekna som farleg skuleveg. For andre strekningar må det søkjast særskilt. Føresette må sende grunngjeven søknad til oppvekstkontoret innan 1. januar for påfølgjande skuleår.

Ved flytting skal det meldast om endring av skyssbehov til skulen.

## **SØKNAD OM FRI/PERMISJON**

For å få eit best mogeleg læringsutbytte er det viktig at eleven er på skulen. Det er ynskjeleg å ha minst mogleg frávær.

Når det er forsvarleg kan kommunen v/ rektor, etter søknad, gje den einskilde elev permisjon i inntil ti skuledagar. Det er eit vilkår at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute, jf. opplæringslova § 2-11.

Dersom det er ynskje frå foreldre om fri meir enn ti skuledagar, må det sendast grunngjeven søknad til oppvekstkontoret i kommunen. Ved frávær på meir enn ti skuledagar, vert eleven skrive ut frå skulen og foreldre overtek opplæringsansvaret.

## **MÅLFORM**

Opplæringsmålet i Ål kommune er nynorsk. All informasjon som blir sendt frå skulane er på nynorsk.

Dersom det er ynskje om bokmål som opplæringsmål, må føresette sende grunngjeven søknad til oppvekstkontoret innan 1. mars for påfølgjande år. Dersom fleire enn ti elevar på eitt trinn i kommunen ynskjer bokmål, kan desse bli samla i ein eigen klasse ved ein av skulane i kommunen.

## **MEDISINERING**

Dersom eleven grunna allergi eller andre tilhøve treng medisiner i skuletida, må det gjerast skriftlege avtalar med skulen om dette. Skulen gjev nærare informasjon om slike avtalar.

## **KOST**

Sunn og god mat er viktig for godt læringsutbytte og skulane i Ål fylgjer «Nasjonale retningsliner for mat og måltid». Det er viktig at elevane et god frukost heime og har med seg matpakke. Mjølke eller annan drikke kan bestillast etter avtale.

## **TEIEPLIKT OG POLITIATTEST**

Alle som arbeider i skulane har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova. Dette gjeld også ev. studentar, hospitantar og lærlingar som har ein form for praksis i skulen.

Alle som arbeider i skulane har levert politiattest i samsvar med Opplæringslova § 10-9.

## **TVERRFAGLEG SAMARBEID**

Ål kommune nyttar modell for Betre tverrfagleg innsats, BTI-modellen. Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene i Ål kommune i arbeid med barn/unge og deira føresette.

Kvar barnehage og skule har eit tverrfagleg team med kontaktpersonar frå pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), helsestasjonen, psykisk helse og barnevern. Det tverrfaglege teamet har ein rådgjevande og rettleiande funksjon, og formålet er å gje fagleg støtte så tidleg som mogleg til barnehage, skule og føresette. Føresette som ynskjer hjelp frå det tverrfaglege teamet kan ta kontakt med eigen barnehage eller skule.

### **ENDRING AV NAMN OG ADRESSE**

Det er viktig at skulen er oppdatert med rett namn, adresse, e-postadresse og telefonnummer til elev og foreldre. Skulen kan ha behov for å nå foreldre raskt. Ved flytting og endring av namn, telefonnummer og e-postadresse pliktar føresette å sende melding til skulen snarast. Adresseendring skal også meldast til Folkeregisteret.

Dersom flytting fører til at eleven får annan nærskule, skal eleven byte skule.

### **SFO**

Skulefritidsordninga (SFO) skal vere eit tilbod før og etter skuletid for elevar på 1. - 4. trinn og for barn med spesielle behov på 1. - 7. trinn. SFO skal vere ein trygg stad for barna å vere utover skuletida, gje barna omsorg og tilsyn, samt leggje til rett for leik, kultur- og fritidsaktivitetar.

Søknadsfrist for hovudopptaket til SFO er 1. mars. Innmelding skal skje på elektronisk skjema som er å finne på [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

### **LEKSEHJELP**

Kommunen har tilbod om frivillig og gratis leksehjelp for elevar på 3. – 10. årstrinn. Formålet er å gi støtte til læringsarbeidet og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Kvar einskild skule organiserer påmelding og gjennomføring av leksehjelptilbodet.

### **FYSAK AKTIV LÆRING (FAL)**

Målet med Fysisk aktiv læring i Ål er at det blir gjennomført i fag som ein didaktisk variasjon, og at den er timeplanfesta slik at alle elevar har minimum 30 minutt fysisk læringsaktivitet tre gonger pr. veke. Dette bidreg til å dekke minimumsanbefalinga om dagleg fysisk aktivitet for barn og unge. Det viktige er å gje elevar ulike metodar for innlæring og eit aktivt avbrekk i løpet av skuletimen.

### **DEN KULTURELLE SKULESEKKEN**

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal bidra til at elevar får høve til å møte profesjonell kunst og kultur av ulike slag. I tillegg til at fylkeskommune har ein strategiplan for Den Kulturelle Skulesekken (DKS), vedtek Ål kommune kvart fjerde år ein lokal DKS-plan.

### **FRITAK FRÅ SKULEARRANGEMENT I KYRKJA**

Utdanningsdirektoratet har presisert at skulen kan gjennomføre gudstenester som ein del av den generelle kultur- og tradisjonsformidlinga, men gudsteneste kan ikkje vere ein del av RLE- faget.

Foreldra kan ved skulestart gi melding om fritak frå skulearrangement i kyrkja på generelt grunnlag. Skulane pliktar å sende info til heimane om innhald i sine arrangement. Dersom foreldra seinare i skuleløpet endrar syn på dette, må skulen få melding om dette.

*Har du spørsmål? Ta kontakt med skulen eller oppvekstkontoret.  
Sjå også [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no) for meir informasjon.*

**VEL MØTT TIL SKULEN I ÅL**